



MØTEPROTOKOLL

Utval: Eldrerådet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 26.09.2016
Tid: 11:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Roger Nedreklepp	Leiar	SP
Ingun Rusten Øye	Nestleiar	A
Einar Børtveit	Medlem	
Jorunn Øvstebø	Medlem	
Inger Johanne Halkjelsvik	Medlem	

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Reidun Eide	Innkalla sak OS 17/16	



VOLDA KOMMUNE

SAKER TIL HANDSAMING

PS 13/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Røysting:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

PS 14/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Røysting:

Møteprotokollen frå førre møte, 29.08.2016, vart samrøystes godkjent.

OS 16/16 Orienteringssak - fylkeseldrerådsmøte i Ørsta 14.09.2016

Volda eldreråd var invitert til fylkeseldrerådet sitt møte i Ørsta 14. september 2016. Frå Volda eldreråd møtte Jorunn Øvstebø, Inger Johanne Halkjelsvik og Einar Børtveit. Einar Børtveit orienterte om møtet og la fram skriftleg rapport.

OS 19/16 Orientering/seminar om utfordringar i eldreomsorga, 27.10.2016

Volda eldreråd er invitert til orienteringsmøte/seminar om utfordringar i eldreomsorga, i Herøy frikyrkje 27.10.2016. Frå Volda eldreråd møter: Ingunn Rusten Øye, Jorunn Øvstebø, Inger Johanne Halkjelsvik og Reidun Eide.

OS 18/16 Invitasjon til fylkeseldrekonferansen 2016 - Forstå framtida - sjå moglegheiter og utfordringar - finne framtidsløysingane

Inger Johanne Halkjelsvik og Einar Børtveit foreslo kvarandre som deltakarar på fylkeseldrekonferansen. Eldrerådet slutta seg til dette.

OS 20/16 Invitasjon til orienteringsmøte - tvungen helsehjelp etter pasient- og brukarrettighetslova kap. 4A

Ingunn Rusten Øye orienterte om møtet vedk. tvungen helsehjelp etter pasient- og brukarrettighetslova kap. 4A. Ho vil seinare gi ein skriftleg rapport frå dette møtet.



OS 17/16 Eldredagen

Eldrerådet drøfta korleis ein kan arrangere den internasjonale Eldredagen, som er 1. oktober kvart år.

Eldredagen 2016 vert markert med gratis kino for alle pensjonistar. Filmen som vert sendt er, Kongens nei.

Eldrerådet ser det som viktig at Eldredagen vert markert i Volda. Ingunn Rusten Øye vart oppnemnd som ein pådrivar/koordinator for Eldredagen 2017.

Møtet slutt 12:10

Rett utskrift
Volda kommune, servicekontoret
26.09.2016

Sonja Håvik
konsulent